



Jeg og min MC

Hvem er den norske motorsyklister? For å finne ut dette, går vi tett på motorsyklister som vi møter. Tett på helt vanlige norske motorsyklister. Folk som kjører MC er nemlig ingen homogen gruppe, slik man gjerne får inntrykk av. Vi har forskjellig smak og forskjellige preferanser. For oss alle er motorsykkelen en del av tilværelsen – i større eller mindre grad. Vi er forskjellige, men hvem er vi egentlig? I denne artikkelserien prøver vi å bli kjent med dem. Her er Kari Søyland Haugødegård, tidligere leder i Lillehammer MC-klubb. Etter 9 år som «leiar», som hun selv sier, sa hun fra seg vervet i vinter. – Eg var gammel nok, smiler hun.



TDM-SJELA: I sin tid kjørte Kari Søyland Haugødegård rundt på en Yamaha TDM 850. Selv om TDM-samkvemmet endte i en dramatisk kollisjon, ble hun gla' i den. Nå er det Tracer 900 som gjelder. Den har, som hun sier, mye av TDM-sjela. Hun er minst like gla' i Tracer'n.

– No har eg FRIHEIT!

Hun har akkurat gått av med pensjon, men dermed er det ikke sagt at Kari Søyland Haugødegård legger inn årene. Snarere tvert i mot. Nå kan hun gjøre det hun vil!

Navn: Kari Søyland Haugødegård.

Alder: 69 år.

Bosted: Brøttum, rett sør for Lillehammer.

Sivil status: Einsleg. Har ei dotter på 50.

Yrke: Pensjonist, men vikarierer når det er behov.

MC-erfaring: Tok motorsykkellappen den 18.08.1988.

Sykler: 2017-modell Yamaha Tracer 900.

Biler: Ein bitteliten, svart firehjulstrekkar. Praktisk og nødvendig i «bushen».

MC-klubb: Lillehammer MC-klubb og sjølv sagt NMCU, fagorganisasjonen vår!



DET EG VIL: Etter 9 år som leder i Lillehammer MC-klubb sa Kari fra seg vervet i vinter. Imidlertid er det ikke snakk om å legge inn årene. – No kan eg gjere akkurat det eg vil, smiler hun.



Tekst: Jon Asgeir Lystad
Foto: Jon A. Lystad/privat

På sensommeren i fjor skulle vi gjøre en reportasje i forbindelse med Lillehammer MC-klubbs 25-års jubileum. I den forbindelse ble vi, naturlig nok, kjent med klubbformannen. Kari Søyland Haugødegård er en sentral figur i Lillehammer MC. Før hun ble valgt til formann, hadde hun ymse verv i styret. Ikke uventet kom vi i prat, og faktisk gikk den veldig lett. Felles motorsykelinteresse er selvsagt et godt utgangspunkt, men vi hadde ikke snakket lenge før jeg ble nysgjerrig på dama. Det er ikke uvanlig at ei dame på nærmere 70 kjører motorsykel, men som mangeårig formann i en av landets mest aktive touringklubber, har hun opplevd mer enn mange. Eller som hun sier: – Eg har nok ikkje kjørt motorsykel heile livet, men det kjennes nesten slik. Motorsykel er ein viktig del av livet mitt. Og nå, etter at eg ble pensjonist, blir den enda viktigare. No har eg friheiti!

På bakgrunn av det ble vi enige om en nærmere prat. Jeg antydte at vi kunne ta den utpå vinteren, eller som jeg sa: -Du har jo tid og du synes vinteren er et ork. Sykkelen står i dvale. Vi ødelegger i hvert fall ikke for motorsykelkjøringa om vi tar praten da. Det syntes hun var en god ide.

Da jeg tok kontakt kom det for dagen at Kari hadde frasagt seg gjenvalg som leder i klubben. Jeg ble litt overrasket. Under vårt korte møte noen måneder før, hadde jeg definitivt ikke inntrykk av at hun hadde tenkt å trappe ned. Derfor spurte jeg henne rett ut: **Synes du det er på tide å legge inn årene?** – Hæ - legge inn årene?!? Eg er berre 69, og motorsykelinteressa er slett ikkje over. Sjølsagt legg eg ikkje inn årene, men eg har vore leiar lenge nok nå. Det er på tide å la andre sleppe til.

Det kan du jo kanskje si, men ut fra det jeg opplevde i sommer, har jeg inntrykk av at mange av medlemmene er happy med deg som formann.

– Mulig det, men det får i så fall dei svare på. Men eg er i mitt 70. år og har vore leiar i ni av dei. Eg syntest det var på tide at yngre overtok.

Du er inne på noe der. Ikke det at du er gammel, men vi motorsyklister er en aldrende rase. Tilveksten er der, men i det organiserte MC-livet glimrer ungdommen med sitt fravær.

– Dessverre – ja. Det er mange unge som kjører sykkel, men dei organiserer seg ikkje. På meg virker det som om det er eit fenomen som går igjen i heile organisasjonslivet. I motsetning til oss gamle, virkar det ikkje som ungdommen ser poenget i å organisere seg. Vi burde absolutt hatt fleire unge i klubben.

Hva med den nye formannen? Kom det yngre krefter inn?

– Nei dessverre. Det var Øyvind Hjelvik, altså tursjefen vår, som blei valgt. Han er ikkje fullt så gammel som meg, men han er ingen ungdom han heller. Eg er likevel sikker på at han vil gjere ein god jobb.

Men tilbake til deg og din tilværelse som motorsyklister. Du var jo godt voksen da du begynte. Hvordan fikk du interessen?

– På 80-tallet blei eg saman med ein fyr som kjørde GoldWing. Sjølsagt blei det nokre turar. Eg satt bakpå, men eg fekk lyst til å kjøre sjøl. I vennegjengen min var det nokre damer som hadde tatt MC-lappen. Dei oppfordra meg og til å gjere det. Eg fekk tips om ein dyktig kjørelærer og tok kontakt. Den 18.08.1988 tok eg førarkort på tung sykkel. Det er eg virkeleg glad for i dag!

Det har jeg faktisk skjont. I '88 tok du lappen, og da måtte du selvsagt ha sykkel...

-Ja, eg starta med ein Honda CX 500. Ein sykkel som eg likte veldig godt. Etter det har det vorte fleire. Skal eg framheve nokon som eg har eit spesielt positivt forhold til, er det Yamaha TDM. Eg har hatt to. Den fyrste kjørte eg til den nesten var utslitt, og bytta den i ein nyare TDM. Den hadde eg tenkt å kjøre til den ikkje gjekk lenger, men så kolliderte eg, og sykkelen blei vrak. Det var dramatisk, men eg kom meg i sadelen att. Så vart det VFR 800. Eg hadde den nokre få år, men så fekk eg ein smell med den og. Forsikringsselskapet ville vrake den, og då måtte eg finne noko anna. Eg hadde jo eit positivt forhold til TDM og kunne tenke meg ein slik, men det var jo lenge sidan den hadde vore i produksjon. Gutane på Motorspeed meinte at eg burde prøve Tracer. Den hadde, som dei sa, mykje til

RENT PERSONLIG

Sansen for:

– Forutan motorsykel har eg sansen for bøker, kunst og musikk. Eg er glad i å vera på farten. Det vert mange turar, både til fots og på MC. Dessuten trivst eg med hagarbeid.

Ikkje sansen for:

– Kulde og snø! Eg har heller ikkje sans for syting og klaging. Den slags folk er det nok av!

Folk eg likar:

– Dei som er opne, vennlege og hjelpsame og som forstår dette med å halde rett avstand til rett tid.

Folk eg ikkje likar:

– Forståseg-påarar, slike som alltid veit best og driv med «mansplaining».

Positivt trekk:

– Eg håpar og trur at eg er tolerant. I hvert fall prøver eg å vere det.

Mindre positivt trekk:

– Har lett for å «snike meg unna» konflikter. Litt feig – kanskje?

God til:

– Eg trur eg er god til å formidle litteratur. I hvert fall trivst eg når eg gjer det.

Mindre god til:

– Eg er i alle fall ikkje god til å lage mat. Ikkje likar eg å gjere det, heller. Det held med brødskever.

Det beste eg veit:

– Motorsykkelturar; utan plan, utan tidspress og utan grenser.

Det verste eg veit:

– At andre bestemmer over meg og fortel meg korleis eg bør leve.

Det beste som har hendt meg:

– Eg må ta tre ting: Nemleg dotter mi, det at eg skifta yrke frå skule til bibliotek og sjølsagt det at eg tok MC-lappen.

Det verste som har hendt meg:

– For 8 år sidan var eg utsett for ei stygg motorsykkelykke. Det var bare så vidt eg overlevde.

Kari Søyland Haugødegård i stikkordsform:

– Ho er roleg, praktisk og veldig interessert i språk og litteratur. Kall meg gjerne litt nerdete akkurat på det området..



UT PÅ TUR: Når ikke koronaen setter grenser for bevegelsesfriheten, er Lillehammer MC-klubb gjerne ute på tur. Her er gjengen sammen med snabelvenner under en tur til Thailand for tre år siden. Kari er nr.5 fra venstre.

felles med TDM. Eg fekk disponere Tracer'n ei heil helg, og då var eg seld. Rettare sagt: Det blei kjøp!

Du kolliderte, sier du. Fortell!

– Det var i 2013. Klubben hadde vore på ein helgetur til Sverige, og eg skulle vidare til Hardangervidda. På tur frå Dokka kjøyrde eg forbi ei campingvogn. Men så kom det ein bil imot som eg ikkje såg. Det vart front mot front. Eg hugsar heldigvis lite, men for meg blei det nesten kvelden. Skadane var omfattande. Med mange brudd i beina blei det over eit halvt år med operasjonar og rekonvalesens. Men heldigvis gjekk det bra. Eg kom meg på sykkelgen igjen.

Du ble ikke så skremt at du ga deg med sykkelkjøringa?

– Nei. Då eg låg på Sunnaas for rekonvalesens, var eg klar på to ting: Eg skulle tilbake på jobb, og eg skulle kjøre motorsykkel!

Jobb, ja: Nå er du pensjonist, men hva drev du med før?

– Eg er utdanna lærar. Eg var ferdig med lærarutdanninga i '74 og jobba i skulen til eg var 50. Men heile livet har eg vore interessert i kultur. Ikkje minst litteratur. Eg var jo norsk-lærar og dermed svært opptatt av språk og bøker. I 2001 gav eg meg som lærar og byrja å jobbe i bibliotek. Eg burde ha gjort det lenge før!

Så du konverterte fra lærer til bibliotekar...

– Eg er ikkje fullt utdanna, så bibliotekar er litt feil å sei. I stillingsinstruksen står det «Bibliotekfullmektig». Kall meg kva du vil, men eg føler meg heilt heime i det miljøet, både med alle bøkene og gode kollegar!

Enn nå, når du er blitt pensjonist: Kjenner jeg deg rett, distanserer du deg ikke fra bibliotek-miljøet selv om du ikke lenger jobber der.

– Nei, nerder som meg gjer ikkje det! Det hender at eg vikarierer litt. Dessutan har biblioteket eit opplegg som vi kaller «Bok for

dagen». Der formidlar vi litteratur til dei som er interesserte. Eg krydrar det gjerne med litt skodespel.

Skuespill!?!?

– Ja, eg prøver å gjere litteraturopplevinga levande. Eg er glad i å «gjøgle» og prøver gjerne å legge inn litt slikt når eg formidlar tekstane. Då kosar eg meg!

Oj, det er nesten så jeg blir litteraturinteressert. Kunne vært morsomt å overvære en slik seanse. Selv om Tracer'n står i dvale, har du tydeligvis ingen problemer med å fylle mørketida..

– Då kjøyrer eg bil. Eg forstår meg ikkje på MC i snø og kulde. Syden er heller ikkje noko for meg. Då er det mykje bedre med ei god bok, gjerne mutters åleine, med Sigrid, i hytta på Venabygdsfjellet.

Så du trives alene også. Ut fra det du forteller, både i MC-sammenheng og i litteraturmiljøet, har jeg inntrykk av at du er veldig sosial.

– Sosial og sosial... Eg set pris på å møte folk og gjere ting saman med dei, men eg trivst godt i mitt eige selskap. Sjølv sagt saman med Sigrid – katta mi. Da gjer eg akkurat som eg vil, utan innblanding frå andre. Eller som eg likar å sei: Trø meg inkje for nære!

OK, det er kanskje greit å ha i bakhodet når man omgås Kari Søyland Haugødegård. Synes du det er ålreit å kjøre sykkel alene også?

– Ja. Sjølv sagt er det topp å kjøyre saman med klubben, men eg trivst og svært godt med å kjøyre for meg sjølv. For nokre år sidan kjøyrde vi, altså klubben, «Route 66» vestover frå Detroit. Så fortsette eg mutters åleine og kjøyrde «Highway 1» oppover Californiakysten. Ein uforgløyemeleg tur. Alle MC-folk burde oppleve noko slikt!

Det kan jeg skrive under på! Det begynner å bli noen år siden, og da kjørte jeg bil, men «Highway 1» på motorsykkel står for meg

som en drømmetur. Jeg håper at jeg en gang kan få oppleve det. Men hva med deg, med de turopplevelsene du har hatt: Er det noen turer du drømmer om?

– Draum er vel kanskje å ta hardt i, men eg kunne tenke meg å kjøyre meir på Vestlandet. Polen og Sør-Tyskland er og område som freistar. Spanande landskap med mange flotte vegar. I så fall ville eg f.eks. kjøyrd saman med Øyvind, «tur-guruen» vår. Han kjenner mange gode ruter både i inn- og utland. Akkurat som meg, er han heller ikkje veldig opptatt av å stoppe for å sjå på alt mulig. Han vil kjøyre og kjøyre! Han er dyktig og trivelig. Dessutan snorkar han lite...

Det er jo bra. Snorking kunne vi selvsagt snakket mye om, men nå vi er nødt til å avslutte. For at ikke leserne skal falle i søvn og forstyrre omgivelsene med nasal støy, er vi nødt til å begrense spalteplassen. Så helt til slutt, Kari: Hvordan synes du det er å bli intervjuet i MC-avisa?

– Eg synes det er bra at mangfaldet kjem fram. Det er ikkje bare ihuga mannfolk på 40-50 som kjøyrer motorsykkel. Sjølv får eg mykje mersemnd når eg stansar der det er folk. Når dei ser at det er ei godt vaksen dame som tar av seg hjelmen, blir dei nysgjerrige. Det er ikkje få som kjem bort og vil slå av ein prat. Eg synes det er veldig hyggeleg, og unar fleire å oppleve det same. Så folkens: Nyt livet. Kjøyr motorsykkel. Friheita får du på kjøpet!

FEM FAVORITTER:

Favorittveg: Atlanterhavsvegen.

Favorittferie: Motorsykkeltur utan mål og meining, dit forhjulet peiker.

Favorittselskap: Katta mi, Sigrid. Ho er sjølv sagt oppkalt etter Sigrid Undset.

Favorittsted: Ribe, ein liten by sør på Jylland. Ein egen atmosfære.

Favorittprogram på TV: Babel, et litteraturprogram som går på svensk TV.